

HØYRINGSUTKAST

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland



Odda. Foto: Jørn Fundingsrud, Riksantikvaren



Fitjar, frå Rimsvarden. Foto: Atle Omland, Riksantikvaren



INNHALD

I.	Hordaland – landskap og kulturhistorie	side 3
II.	Omtale av dei einskilde landskapa	side 6
1.	Indre farleia	side 6
2.	Byfjellene i Bergen	side 8
3.	Fitjarøyane	side 10
4.	Søre Bømlo, Hespriholmen – Langevåg	side 12
5.	Etne	side 14
6.	Rosendal	side 16
7.	Indre Sørfjorden	side 28
8.	Ytre Sørfjorden	side 20
9.	Eidfjord	side 22

I. HORDALAND – LANDSKAP OG KULTURHISTORIE

Hordaland er prega av nærleiken til sjøen, alle kommunane har kystline mot hav eller fjord. Øyane i vest gjev ei innaskjers farlei frå nord til sør, og lange fjordar gjev ferdsleveggar til store fjellområde og vidare over til Austlandet. Med si lange kystline har Hordaland hatt kontakt sørover, nordover og vestover i lang tid, og kulturimpulsar har ofte kome sjøvegen.

Namnet Hordaland er kjend frå skriftlege kjelder alt 800 e. Kr. Namnet viste då berre til dei ytre strøka, Sunnhordland og Nordhordland, men det vaks på denne tida også fram ei førestilling om Hordafylket, som femna om dagens fylke samt Gulen. Hordaland vart i mellomalderen delt i fire fjordungar, som var rettskrinsar under fylkestinget; Nordhordland, Sunnhordland, Voss og Hardanger. Denne delinga er geografisk, men peikar også på kulturelle skilnader som dels har halde seg fram til vår tid. Sunnhordland er sete for mange av adelslektene på Vestlandet, på Voss finn ein eit høgt tal sjøveigande storbønder, medan det i Nordhordland er småbruk og felleseige. Her er heller ingen steinkyrkjer frå mellomalderen som elles i fylket.

Etter siste istid var det områda langs ytterkysten som først vart isfrie, og det er her ein finn dei tidlegaste busetnadane om lag 9.000 år f. kr. Steinalderfolket fann likevel vegen til jakt- og fiskeressursane i fjellet og på Hardangervidda, så snart isen forsvann rundt 7500 f. Kr.

Jordbruket vart etablert i Hordaland mot slutten av steinalderen, frå omlag 2700 år f. Kr. Skogen har deretter vorten rydda, og lyngheibruket og utegangarsauen breidde seg over dei ytre strøka med mildt klima. Fisket i ytre strøk har heilt fram til vår tid vore for viktig til å flytte busetnad bort frå sjøen, men jordbruket gav no så mykje mat at ein lenger aust kunne gjere dette. Dei austlege delane av fylket har kaldare vintrar, og heilårsdrift med utegangarar og lyngheidrift finn ein ikkje her. Gardane i midtre og indre strøk, som i Kvam og Ullensvang, har i staden større innmark, og tilknytte stølar med jakt- og fiskerettar i fjellet som ein viktig del av gardsdrifta. Enkelte stader i indre strøk, som i Eidfjord, kunne jakta i fjellet kaste like mykje av seg som gardsdrifta.

Farleia frå nord til sør og fjordane som tek ein frå vest til aust, særleg Hardangerfjorden, har vore dei fremste ferdslevegane i fylket i uminnelege tider. Fjordane tok reisande til ferdsleveggar på land frå dalbotnane og over fjellet, og knutepunkt vaks fram slike stader, som Eidfjord og Odda. Ferdslevegane har gitt grunnlag for ulike maktsete opp gjennom forhistoria, og vi finn hundretals gravrøyser langs fjordane og leia. I tida fram mot rikssamlinga veks det fram storgardar med småkongesete på Fitjar, Lygra og Seim. Seinare veksla kongen bustad mellom desse stadane før Bergen etterkvart vart eit administrativt, økonomisk og militært maktsete. Strategisk plassert ved leia, mellom to lange fjordar og tett ved utfartshamnene vestover,




Rosendal. Foto: Kjell Andresen, Riksantikvaren

vaks handelstaden Bergen fram på 1000-talet. Tørrfiskhandelen gjorde byen til ein av dei største i Norden i mellomalderen, og han var den største i landet fram til om lag 1830. Byen var også ei viktig importhamn for korn. Også inn i historisk tid ligg sentrale funksjonar ved leia, som kyrkjer, forsvarsverk og handelstader.

Kulturelle impulsar herfrå breidde seg frå Bergen til tettstadane og postgardane i fylket. Særleg let borgarar i øvre sjikt i bygder og småstadar, som vaks fram etter mellomalderen, seg inspirere av nye byggeskikkar i byen. Fleire tettstader har preg av sveitserstilen. Slike tettstader og knutepunkt var gjerne administrative sete, eller tufta på handel eller tidlig industri, og er spreidd over heile fylket.

Oppfinninga av oppgangsgaga og stor etterspurnad etter trevirke på dei britiske øyar førte til at dei gamle furuskogane i Hordaland vart totalt nedhogde på 1500- og 1600-talet, i samband med den såkalla Skottehandelen. I Jondal, Sagvåg og mange andre stader der dei hadde oppgangsgag og utskipingskai i Sunnhordland og Hardanger, var det stor handel med Skottland frå opprettinga av tollstasjonen i Eldøyvågen på Stord i 1590, til den vart nedlagt i 1753. Fyrst etter 2.verdskrigen og dei store skogplantingskampanjane breidde skogen seg i Hordaland igjen, no mykje med gran.

Den industrielle revolusjonen har hatt stor verknad på Hordaland. Langs fjordar og sjø er det mange gunstige stader med god hamn og tilgang til vassdrag der industristader kunne etablerast, som Ytre Arna og Alvøen. Heile samfunn vart anlagt på desse stadene, som kan være markante blikkefang i elles ofte spreidd befolka strøk. Med elektrisiteten vart utviklinga forsterka, og industrisamfunn som Odda og Ålvik pregar heile landskapet. Tendensen på 1900-talet er at folk flytte frå bygd til by. Bilismen forsterka ytterlegare denne utviklinga. Saman med Bergensbanen gjorde bilen også at Hordaland vende seg frå sjø til land, ei altomfattande utvikling som syner seg i bustadmønster, kommunikasjon og stadbygging i det heile.



Stødleterrassen, Etne. Foto: Atle Omland, Riksantikvaren



II. OMTALE AV DEI EINSKILDE LANDSKAPA

OMRÅDE 1: INDRE FARLEIA

Nordhordaland - Farlei og Lyngheilandskap

Austrheim, Lindås og Radøy kommunar

Skildring av området

Landskapet ligg innaskjers, i enden av den geologiske formasjonen Bergensbogane. Det er lågt og langstrakt, og dei fleste landskapselementa strekkjer seg mot nordvest. Det er rivna i talrike landtunger og øyer, der fjordar, straumar og sund skil og bind saman.

Dei rike saltvatnstraumane har gjeve grunnlag for meir permanent busetnad i steinalderen, og her kom tidlig byrjande jordbrukstilpassing. Fosnstraumen er mellom dei mest framstående døma på tidlig permanent busetnad i landet, og er ein svært rik funnstad. Like ved, på Straume, er det funne om lag 4500 år gamle pollen av korn. Det kultiverte lyngheilandskapet breidde seg over heile området etter dette, og det kombinerte næringsgrunnlaget av fiske og jordbruk i det milde kystklimaet har vore det viktigaste livsgrunnlaget i landskapet heilt fram til vår tid.

Då jordbruket kom vart det meste av landskapet på kort tid snaubeita, nedhogde lyngheier. Lyngheiane på Lygra er eit markant element i landskapet med stor tidsdjupne. Lyngheisenteret her er særleg viktig i eit landskap som framleis er prega av lite trevekst, særleg i ytre strøk, og store myrer som tidligare var torvmyrer der ein henta brensel. Det trefattige landskapet er eit kjerneområde for samanbygde hus og for bruken av stein som byggemateriale, som nytta i gardflorar, løer og steingjerde. Slik fortel landskapet også om eit nord-sjøisk kulturfellesskap som sjøen batt saman.

Her er mange små bygder med sjølvbergande bruk. Eige-domane går frå li til sjø, med mange felleseigde kaiar, naust, steingardar og utløer. Gardane er ganske like i storleik og struktur, og har dette preget frå jordskiftereformen på 1800-talet.

Steinalderbuplassen ved Fosnstraumen, dei fyrste jordbruksspora og dei vide lyngheiene ligg ved ei indre farlei, som har vore nytta til samferdsle og kulturutveksling i uminnelege tider. Den heilårsopne indre leia i Nordhordland fører gjennom landskapet frå Alverstraumen, gjennom den vide Lurefjorden og ut Kjelstraumen til Fensfjorden. Dette har vore, og er, ei viktig ferdslære der dei talrike gravrøysene langs leia ber vitnesbyrd om stor tidsdjupne.

Ved utløpet til leia ved Fensfjorden ligg handels- og overnattingsstaden Kjelstraumen. Midtveges i leia ligg kyrkjestaden Lygra som eit samlande element, her ligg også handelstaden Bruknappen. I Alversund ligg kyrkjestaden like ved sjøen.

Postvegen til Trondheim brukar fleire stader farleia. I nyare tid gjekk dampen også her, og dei mange dampskipkaiene langsetter leia var knutepunkt og post-, gjestgjevar- og handelstader. «Kipestrilen» som strilane som heldt til i desse områda vart kalla, brukte leia for å kome til Bergen med varer. Med industrialismen vart det lagt fabrikkar langs leia, og Lindåsslusane er eit særmerkt kulturminne knytt til denne tida.

Landskapskarakter

Landskapet er lågt og langstrakt og er rivna i talrike landtunger og øyer. Fjordar, straumar og sund skil og bind saman. Landskapet fortel om stor tidsdjupne frå steinalder og overgangen frå tidleg fast bustad med fangst og fiske som leveveg, til eit kombinert næringsgrunnlag av fiske og jordbruk. Seinare var jordskifte på 1800-talet med på å forma landskapet til lyngheibonden og fiskarbonden.

Lyngheilandskapet er eit markant element, og tidligare var heile landskapet snaubeita, nedhogde lyngheier. Landskapet er difor prega av lite trevekst, særleg i ytre strøk, og store myrer. Landskapet er til dels prega av samanbygde hus og bruk av stein som byggemateriale. Den indre farleia, frå Alversund til Kjelstraumen, har små og middels store landskapsrom, og ein passerer mange kulturminne lokalisert langs ferdsleåra. Lygra kyrkje er eit samlande element i det vide landskapsrommet Lurefjorden.

Nasjonal interesse

Permanent busetnad og framvekst av eit kombinert næringsgrunnlag av fiske og jordbruk har sjeldant stor tidsdjupne og kontinuitet i landskapet. Lyngheilandskapet på Lygra er sjeldant og framstående i nasjonal og internasjonal samanheng. Landskapet er eit av kjerneområda for samanbygde hus og for bruken av stein som byggemateriale. Alt dette ligg ved den indre farleia som er ei historisk viktig ferdslære, uløysleg knytt til landskapet, og som har mange kulturminne knytt til seg med stor tidsdjupne og høg opplevingsverdi.

Sårbarheit, tolegrensar og forvaltning

Landskapet er sårbart for treplanting og attgroing, brukonstruksjonar over leia og høge bygningar.

Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynsone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegnar og retningslinjer som formulerer målsetningar for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det.



OMRÅDE 2: BYFJELLENE I BERGEN

Bynært rekreasjonslandskap

Bergen kommune

Skildring av området

Landskapet er i vesentleg grad omforma frå eit snaubeita lågfjells-landskap til skogkledt rekreasjonslandskap. Omformingsgrepa er omfattande og sette i verk av prominente Bergensborgarar. Gjennom foreiningane «Bergens skog- og trøplantningsselskap» og «Ølklubben» realiserte dei eit omfattande filantropisk prosjekt i byfjella dei siste tiåra av 1800-talet, med bakgrunn i idear om natursvermeri og folkehelse. Dei viktigaste verkemidla Trøplantningsselskapet nytta etter stiftinga i 1868 var skogplanting og bygging av turveggar i store, bynære utmarkseigedomar. Desse eigedomane vart planmessig tileigna i tiåra etter stiftinga. Skogplantinga og bygging av turveggar var integrerte deler i omformingsprosjektet, og det kom forbod mot sau og geit i byfjella i 1878.

Det er oppretta store, varierte plantefelt med parkpreg over det meste av det landskapet som ikkje er berg og skrent. Plantinga er variert og tilpassa terreng og jordsmonn, med heimhøyrande artar jamsides eksotiske artar. Store deler av fjellmassivet er skogkledt, og nokre av dei største trea i landet skal stå i byfjella.

Frå byen er det anlagt turveggar inn i det opparbeida skoglandskapet, frå Fjellveien, Vetrilidsalmenningen, Svartediket og Sandviken. Det samla turvegssystemet er omfattande, og har steinstrukturar av imponerande storleik og ei utstrekning på 25 km. Vegsystema er vidareført til stiar på toppen av fjellet, og er supplerte med lys, benkar og tilrettelagde rekreasjonslokaltetar. Vegane leier til fokuspunkt i landskapet, som hytter på fjelltoppane, utsiktspunkt, vatn med utbygde rasteplassar, idrettsplassen Skansemyren og kulturminne av ulik art. Dei siste gjeld mellom anna kulturspor frå jordbruksdrift og dammar knytt til omfattande mølledrift attende til middelalderens Bergen. Opplevinga i landskapet varierer mellom små, intime landskapsrom og storslegne utsyn med vid horisont, ofte ved bratte skrentar.

Den elektriske kabelbana Fløibanen vart opna i 1918. Denne utgjer ein vertikal struktur som saman med Øvre stasjon og Fløifjellsrestauranten frå 1925 er blikkfang som gjev ekstra verdi til det opphavlege filantropiske prosjektet.

Landskapskarakter

Byfjellene i Bergen er eit bynært rekreasjonslandskap. Det tidligare snaue utmarks-, myr- og beitelandskapet er sidan 1868 omforma til eit skogkledt parklandskap ved skogplanting, utstrakt vegbygging og anna tilrettelegging for rekreativ ferdsel. Plantinga er variert og tilpassa terreng og jordsmonn, med heimhøyrande artar jamsides eksotiske. Store deler av landskapet er skogkledt. Her er bygd omfattande veganlegg,

nokre stader imponerande fysiske strukturar. Veganlegga fører til utsynspunkt, rasteplassar og andre tilrettelagde rekreasjonslokaltetar. Kabelbana Fløibanen med bygningsmiljøa ved Øvre og Nedre Stasjon er eit vertikalt element som bind landskapet til byen.

Nasjonal interesse

Byfjellene i Bergen er i nasjonal samanheng eit framståande og i sjeldan grad gjennomført døme på eit bynært rekreasjonslandskap som sprang ut av nasjonalromantiske førestillingar, og visjonar om folkehelse, som vaks seg sterke mot slutten av 1800-talet. Landskapet er sidan 1868 omarbeidd til eit rekreasjonslandskap. Fløibanen og Fløien Folkerestaurant er tidstypiske element som gjev meirverdi til rekreasjonslandskapet. Omforminga av landskapet til rekreasjonslandskap er sjeldant omfattande, tidstypisk og historieforteljande i nasjonal samanheng. Rekreasjonslandskapet har høg strukturell autentisitet og stor opplevingsverdi og bruksverdi.

Sårbarheit, tolegrensar og forvaltning

Landskapet toler materielle utskiftingar og endringar i detaljar, men er sårbart for større materielle endringar i veganlegga. Det er sårbart for strukturelle endringar, og for redusert skjøtsel. Rekreasjonslandskapet toler i liten grad privatisering. Vurderast opp mot reguleringsføresegnene og forvaltningsplanane. Eksisterande målsetningar ivaretek området.



OMRÅDE 3: FITJARØYANE

Fitjar og Fitjarøyane - storgard, lyngheier og handelstader ved leia

Fitjar og Bømlo kommunar

Skildring av området

Landskapet ligg nordvest på øyane Stord og Bømlo med Selbjørnsfjorden i nord, Midt fjellet i aust, i sør er Stokksundet og i vest er ope hav. Fitjar har store, dyrkbare område og god tilgong til vatn. Staden ligg strategisk plassert ved leia gjennom Stokksundet og er ei naturleg god hamn. Dei talrike, låge Fitjarøyane ligg som ein skjerm om Fitjar i nord og vest, med naturlege stader for busetnad og handel langs den viktige kystleia som passerer her.

Området rundt Fitjar har vært busett sidan steinalderen og vart fast busett i bronsealderen. Dei første gardane låg i skråningene frå Fitjar sentrum til Rimbareid i sør. Rike funn og storslagne gravrøyser vitnar om at Fitjar truleg hadde gardar med stormenn alt i bronsealderen. Garden på Fitjar vart kongsgard under Harald Hårfagre, som budde på denne strategisk staden i periodar. Håkon den gode heldt seg også mykje her. Slaget ved Fitjar fant stad i området der kyrkja frå 1100-talet står i dag. Den er bygd på same stad som ei eldre steinkyrkje frå 1100-tale, og ligg sentralt til i landskapsrommet.

Busetninga på Fitjarøyane har i lang tid hatt kombinert næringsgrunnlag med fiske og jordbruk. Lyngbrenning gav beite for utegangarsau, torvuttak i myrane gav brensel. Landskapet på Fitjarøyane er i dag sterkt og eins prega av lyngheilandskapet.

Tre skipsleier fører gjennom øyriket i Fitjar: Den ytre leia, Nyeleia og Engesundleia. Langs desse ferdslårene ligg gamle handels- og gjestgjevarstader. På Gisøya, ved den vestre sida av Brandasundet, ligg handels- og gjestgjevarstaden frå 1600-talet. Fiskehandelen her ved det rike fiskefeltet går truleg langt tilbake i tid. Ein av dei store marknadsplassane i Hordaland i mellomalderen har truleg lege på Selsøya ved Brandasundet. Stadnamnet Torgjo fortel om ein stad der varer vart selde. Bøndene frå fjellbygdene og indre fjordbygder selde tømmer, huder og skinn, haukar og falkar i byte for fisk, salt og varer frå andre land. Staden var velkjent for Hansaskip på veg til Bergen, og er teikna inn på eit hollandsk kart frå 1624. Brandasund blomstra i det store sildefisket på 1700- og 1800-talet. Engesund ligg ved Engesundsleia, og er kjend som tingstad alt i 1650. Den er eit av dei fyrste kremmarseta utanfor Bergen.

Landskapskarakter

Dei talrike, låge Fitjarøyane ligg som ein skjerm om Fitjar i nord og vest. Området har store, dyrkbare område og god tilgong til vatn. Rike funn og storslagne gravrøyser vitnar om at Fitjar har vore sete for mektige ætter alt i bronsealderen.

Garden på Fitjar var kongsgard under Harald Hårfagre og Håkon den gode. Staden ligg strategisk plassert ved leia gjennom Stokksundet, og er ei naturleg god hamn. Landskapet på Fitjarøyane er i dag sterkt og eins prega av lyngheilandskapet. Tre skipsleier fører gjennom øyriket her. Langs desse ferdslårene ligg gamle handels- og gjestgjevarstader som Brandasund og Engesund.

Nasjonal interesse

Storgardane på Fitjar er høvdingsete med stor tidsdjupne og har spela ei stor rolle i historia. Landskapet gjev kongsgarden ein strategisk posisjon den deler med handelstadane ved leia, som òg har stor tidsdjupne. Lyngheilandskapet på Fitjarøyane er framståande i nasjonal samanheng, og har stor visuell styrke. Det er eit av 23 utvalde nasjonale lyngheilandskap.

Sårbarheit, tolegrensar, forvaltning

Landskapet er sårbart for tap av innmark og oppføring av store bygningsstrukturar nær Fitjar sentrum. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet.

Store deler av landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegnar og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det



OMRÅDE 4: SØRE BØMLO, HESPRIHOLMEN - LANGEVÅG

Bømlo kommune

Skildring av området

Innafor holmane i havgapet ligg no lune vikar og vågar med gode hamner mellom skrinne bergknattar på søre Bømlo. Her kjem ein tett på steinalderlandskapet. Den gongen gjorde eit høgre havnivå desse vikane og vågane til smale sund og låge eid. Passasjane gav gode landingstillhøve for kajakkar lasta med grønstein, som i store kvanta blei tatt ut frå steinbrotet på Hespriholmen. Fleire tusen år med brotverksemd, produksjon av steinøkser og vidare utskiping av grønstein til store delar av Vestlandet i steinalderen, har satt rike spor etter buplassar og verkstadorråde langs desse sunda. Lokaliteten Sokkamyro i Langevåg er den fremste eksponenten for desse kulturminna, men den høge aktiviteten knytt til førekomsten av grønstein pregar mest kvar ei vik i dette landskapet. Frå Vika i nord til utmarka sør for Langevåg ligg steinalderbuplassane som eit belte frå holmane ved ytterkysten til innsida av søre Bømlo.

Havhevinga og jordbruket har ført til at det som var passasjar og verkstadorråde i steinalderen, no er der den dyrka marka, småbruka og hamnene ligg. I dei lågtliggjande draga er det livd for vind og ver.

I havet vest av Bømlo ligg gjestgjevarstaden Espevær, som etterkvart vart ein strategisk stad i det sørlege sildefisket på 1800-talet. Saltebuene sto tett på land, og folketalet kunne vere fleire tusen i sesongen. Kjøpmenn kom hit frå Bergen, Stavanger, Holland og dei britiske øyer for å kjøpe hummer og sild. Søre Bømlo har hatt sjøvendt, eksportbasert næring som viktig leveveg frå steinalderen og heilt fram til vår tid.

Landskapskarakter


Lune vikar og vågar gir gode hamner på søre Bømlo. I steinalderen var dette gode landingstillhøve for kajakkar lasta med grønstein, som i store kvanta blei tatt ut frå steinbrotet på Hespriholmen. Fleire tusen år med steinbrot, produksjon av steinøkser og utskiping av grønstein har satt rike spor etter buplassar og verkstadorråde langs desse sunda. Steinalderens passasjar og verkstadorråde er i historisk tid dyrka mark, småbruk og hamner. I havet vest av Bømlo ligg gjestgjevarstaden Espevær, som var ein strategisk stad i det sørlege sildefisket på 1800-talet.

Nasjonal interesse

Søre Bømlo er eit område som i nasjonal samanheng er særskilt rikt på lokalitetar frå steinalderen. Funna har stor tidsdjupne, og har høg kunnskapsverdi og pedagogisk verdi. Steinbrotet på Hespriholmen er det største i landet frå steinalderen. Sett saman med lokalitetane på Bømlo kjem eit heilskapleg samfunn knytt til grønsteinutvinninga til syne som er eineståande i nasjonal samanheng.

Sårbarheit, tolegrensar og forvaltning

Landskapet er sårbart for utfylling av dei lågtliggjande draga i landskapet. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegnar og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det.



OMRÅDE 5: ETNE

Rik jordbruksbygd med lang historie

Etne kommune

Skildring av området

På ei elveslette i botnen av Etnefjorden ligg den sentrale delen av bygda Etne nedanfor dei vide terrasseflatene på Grindheim og Stødle. Jordbrukslandskapet er ramma inn av fruktbare åssider opp mot dei vestre snaufjellsområda, og er brote opp i aust av dalføra Stordalen og Litledalen. Landskapsrommet er vidt og har ein nesten sirkulær form.

Etne er ei av dei mest fruktbare bygdene på Vestlandet, og er særskild rik på kulturminne i marka som syner korleis menneske på ulike sett opp gjennom historia har utnytta dette grøderike området og endra det til dagens vidstrakte dyrkingsflater. På terrassane er det i nyare tid rydda åkrar fleire stader, og det er eit masseuttak i sørenden av Stødleterrassen. Landskapet er særskild historieforteljande, og gjev ei sterk oppleving av kontinuitet og tidsdjupne.

I åssidene og på terrassane ligg bergkunstlokalitetar med jordbruksristningar og ei stor mengde attverande gravminne, som framleis pregar landskapet. Rike spor etter forhistorisk busetnad er å finne både i åssidene og på terrassane, og ligg særskild tett nede på elvesletta. Forsvarsanlegg frå eldre jernalder på markante høgdedrag i kvar ende av bygda gjev eit omsluttande inntrykk av landskapet som ein historisk viktig stad.

Landskapskarakter


Landskapet utgjer eit vidt, sirkulært rom der Etneelva renn ut i fjorden. På elvesletta og terrassane Grindheim og Stødle ligg eit rikt jordbrukslandskap. Jamnt stigande åssider femner om landskapsrommet. Den fruktbare Etne-bygda er særskild rik på kulturminne som syner korleis menneska har nytta dette grøderike området og endra det til dagens vidstrakte dyrkingsflater. På terrassane og i åssidene er svært rike funn av bergkunst og gravhaugar. Spor etter forhistorisk busetnad ligg særskild tett på elvesletta. Det er forsvarsanlegg frå eldre jernalder i kvar ende av bygda. Trass i mindre endringar i nyare tid er den tidlegare bruken av landskapet i høg grad leseleg.

Nasjonal interesse

Landskapet er inntrykkssterkt, og har jordbruk med stor tidsdjupne og kontinuitet. Landskapet har ein mengde og konsentrasjon av bergkunst, busetnad og gravminne som er høg i nasjonal samanheng, og som på framstående vis er leseleg i landskapet. Landskapet er i nasjonal samanheng særskild historieforteljande.

Sårbarheit, tolegrensar og forvaltning

Landskapet er sårbart for masseuttak, og for bebyggelse som gjer at terrassane i mindre grad framstår som i dag. Åssidene er sårbare for nybygg og store inngrep, men også gjengroing, som kan truge opplevinga og forståinga av den historiske jordbruksbygda. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegnar og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammes for bruken av det.



OMRÅDE 6: ROSENDAL

Møtestad og baroni i alpine omgjevnader

Kvinnherad kommune

Skildring av området

Landskapet er ei brei, dyrka skråning omkransa av dei einaste alpine fjella i Hordaland i sør og aust, med strandstaden Rosendal ved fjordbukta. Hattebergelva renn ned dalen mellom fjella, forbi Baroniet på Hatteberg, før den renn ut ved strandstaden i Skålafjóra. Landskapet har store jordbruksareal, god tilgang til vatn og ei lun hamn. På ein kvelving nord i landskapet ligg Skåla kyrkje.

Dette området har vore samlingsstad i lang tid, og sjølve stadnamnet Skåla tyder samlingsstad. Dei kulturhistoriske elementa i landskapet går attende til steinalderens fangstbuplassar, der dei sørvestvende bakkane utmerkar seg som særskilte attraktive for tidleg jordbruksbusetnad frå slutten av steinalderen. Talrike funn av jordbruksdrift, busetnad og gravminne frå bronse- og jernalderen viser at landskapet har hatt ein viktig posisjon i regionen også vidare opp gjennom forhistoria. Steinkyrkja frå mellomalderen og spor etter ei eldre kyrkje og ein mellomaldergravplass viser opphavet til bygda som ein sentral kyrkjestad for denne delen av fjorden framover i nyare tid. Skipsbygging har lange tradisjonar i Skålafjóra. Jernalderens nausttufter ligg framleis synleg i terrenget. Skåla var i vikingtida sentrum i skipreida. I nyare tid vart bygda kjend for bygging av hurtiggåande jakter, som Roald Amundsen sitt skip «Gjøa».

Baroniet ligg ein kilometer aust frå sjøen på garden Hatteberg, med eit lite slott, avlsgard og hage. Det vart gjeve det nye namnet Rosendal i 1678. Baroniet er det einaste i Norge. Slottet som truleg er oppført i perioden 1660-65 har barokke stiltrekk. Hagen vart anlagt samstundes, og er ein tidstypisk renessanshage. Hagen vart utvida i 1850-75, til eit stort hageanlegg i romantisk landskapshagetradisjon. Midtaksen gjennom slottsportalen ender i Malmangernuten, og bind slik landskapsromma i baroniet til det store landskapsrommet utanfor, og får det vesle slottet til å verke større. I samspel med desse nærområda når hagekunsten i Norge eit av sine høgste uttrykk, og den romantiske landskapsparken frå 1850-75 er heldt fram som eit hovudverk i romantikkens kunst i Norge. Landskapet har sjeldan sterk visuell verknad.

Landskapskarakter

Rosendal er eit skålforma landskap ved fjorden, med alpine fjell i sør og aust. Strandstaden Rosendal ligg ved fjordbukta, og dei sørvestvende bakkane er jordbruksareal med stor tidsdjupne. Gravminna frå jern- og bronsealder, og steinkyrkja frå mellomalderen, viser at Skåla lenge har vore ein møtestad i denne delen av fjorden. Baroniet på Hatteberg, med høge fjell og gardar med dyrka mark rundt seg, er eit sjeldant landskapselement der det vesle slottet, natur, kultur og hagekunst

opplevast som eit heilskapleg og inntrykkssterkt landskap.

Nasjonal interesse

Rosendal er ein naturleg møtestad med sjeldant sterk inntrykksstyrke og stor tidsdjupne. Kulturminne knytt til jordbruk, busetnad og gravminne går attende til steinalder og har høg historieforteljande verdi. Baroniet integrerer landskapsromma utanfor anlegget i ei heilskapleg oppleving på eit sjeldant vellukka vis. Landskapshagen er rekna for å vere eit hovudverk i romantikken sin kunst i Norge. Baroniet som heilskap er eineståande i nasjonal samanheng, og har høg arkitektonisk og kunstnerisk verdi.

Sårbarheit, tolegrensar og forvaltning

Landskapet er sårbart for høge bygningar og store strukturar mellom Baroniet og sjøen, og for nedbygging av kulturlandskapet rundt Baroniet. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegner og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det.



OMRÅDE 7: INDRE SØRFJORDEN

Industrilandskapet

Odda kommune

Skildring av området

Landskapet der dalen møter fjorden er trangt med høge fjell, og med høgtliggjande vatnsystem regulert av fleire verdfulle dammar i fjelldalane ovafor. Fjorden er isfri grunna utløpet av elva Opo i fjordbotnen, der den naturlege strandstaden Odda ligg. Her var ein naturleg ferdsleveg vidare til pilegrimsålet Røldal.

Kyrkja på Almerket er frå 1870 og er eit samlande element i landskapsrommet, men her har vore kyrkje sidan 1250. Lenger oppe i dalen, aust for elva Opo, ligg nokre få tun som vitnar om det gamle bondesamfunnet i Odda.

Strandstaden Odda var rundt 1900 det mest vitja turistmålet i landet. Reisemåla var dei mektige fjella, fossane og turen vidare til Dalen i Telemark. Av denne travle strandstaden er eit konsentrert bygningsmiljø att ved Brotateigen, og strukturen i ferdslevegen til Røldal.

Landskapet er sterkast prega av industrisamfunna og dei store industristrukturane i Odda og Tyssedal og på Eittheimsneset, og som frå fjellet til fjorden er mellom dei landskapa i landet som er sterkast prega av den andre industrialiseringa.

Krafttilgongen og den isfrie hamna har gjeve grunnlag for bygging av komplette industrisamfunn i landskapet. Oppdemming av Tyssovassdraget og kraftstasjonane i Tyssedal leverer straum til den kraftintensive industrien, som gjennom omfattande strukturar har lagt beslag på store og sentrale areal i Odda og Tyssedal. Omkring desse industrianlegga er det laga veganlegg, bustadstrøk, og offentlege strukturar som skular, rådhus, idrettsanlegg, sjukehus, m.m. Fleire element i Odda og Tyssedal har nasjonal og internasjonal kulturminneverdi, og høg arkitektonisk verdi. Store deler av Odda Smelteverk er freda, det same er Tyssedal kraftstasjon. Industrisamfunna i Odda og Tyssedal tek opp det meste byggbare arealet ved fjorden.

Industrisamfunna dominerer det heilskaplege inntrykket av det lågare landskapet. Sjølv om industrisamfunna er nært knytt til naturen og natur-ressursane i landskapet, er industrilandskapet eit markant og særprega element innskote mellom fjorden og dei urørte øvre delane av landskapet der høge fjellsider strekkjer seg mot himmelen.

Landskapskarakter

Landskapet der dalen møter fjorden er trangt med høge fjell. Her er høgtliggjande regulerte vatnsystem som renn ut i hengjedalen Tyssedal. Strandstaden Odda ligg i fjordbotnen ved utløpet av elva Opo. Industrisamfunna i Odda, Tyssedal

og på Eittheimsneset dominerer det heilskaplege inntrykket av det lågare landskapet, med omfattande industristrukturar og samanhengande elforsyningsanlegg frå fjellvatna til industrisamfunna ved fjorden. Sjølv om samfunna er nært knytt til naturen og natur-ressursane, er industrilandskapet eit markant og særprega element innskote mellom fjorden og dei bratte fjellsidene.


Nasjonal interesse

Indre Sørfjorden er i nasjonal samanheng eit framstående døme på eit heilskapleg industrilandskap med tilhøyrande heilskapleg vasskraftlandskap som kom til i den andre industrialiseringa. Industrilandskapet er konsentrert, og har trass i enkelte rivingar høg autentisitet som industrilandskap. Det har høge kunnskapsverdiar, høge opplevingsverdiar og høg bruksverdi.

Sårbarheit, tolegrensar og forvaltning

Historia i landskapet er lett å lese, og landskapet toler ikkje store strukturelle endringar i tettstadane, t.d. oppføring av store strukturar i den viktige siktlina frå sjøen. Elles er dagens landskap ganske robust. Odda Smelteverk og Tyssedal kraftstasjon er freda etter kulturminnelova. Tveitahaugen i Tyssedal er regulert til omsynssone bevaring. Odda er oppført i NB!-registeret, register over byområde av nasjonale kulturminneinteresse.

Deler av landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegnar og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det.



OMRÅDE 8: YTRE SØRFJORDEN

Fruktdyrkingslandskapet

Ullensvang herad

Skildring av området

Ytre Sørfjorden er eit rett fjordløp mellom lier som stig jamnt frå sjøen til fjellet. Aust for landskapet ligg den låge vestsida av Hardangervidda, på vestsida ligg Folgefonna og lågfjellet mellom Sørfjorden og Jondal. Det går ferdsleveggar frå fleire stader ved sjøen, over fjellet til Jondal og innpå Hardangervidda. Landskapet har relativt høg temperatur, og jamnt god tilgang til vatn.

Gardseigedomane langs fjorden går frå li til fjell. Nedst ved fjorden ligg støa, naust og gjerne kai, i den best tempererte sonen ligg frukthagane, dei andre stadene er det bøar. Tuna ligg nær vegen. Høgre opp i liene er det vårstolar, mange har også stolar oppe på vidda. Gardane ligg som eit mest samanhengande belte på begge sider av fjorden, og gjev landskapet heilskap og visuell styrke. Beltet av frukttre er sjeldant stort og visuelt sterkt i norsk samanheng.

Det har i lang tid vore høvdingatter og storslekter knytt til landskapet, og jordbruket har stor tidsdjupne. Innføringa av frukt dyrking på 1100-talet er ein særleg viktig kulturhistorisk faktor som har forma landskapet. Det skal være Cisterciensarmunkar frå Lysekloster som førte fryktdyrkinga til Hardanger. Kanskje heng dette saman med stadnamna Munkagard på Opedal og Munkatrepane i fjellet ovafor. Frukt dyrkinga skaut særleg fart på 1800-talet, då dampbåten knytte gardane nærare marknaden i Bergen. Ved strandstaden Lofthus er ein freda sorenskrivargard, kyrkje frå 1250-1300 og ein vidkjend prestegard. Strandstaden er eit samlande i landskapet.

Det freda klyngetunet Agatunet var eit gammalt høvdingsete, og gravhaugar tyder på svært tidlig busetnad. Tunet ligg trygt for ras under Tveitaberget. Garden var av dei største i Hardanger i mellomalderen, og har vore knytt til fleire vestlandske adelsætter. Her ligg lagmannsstova frå om lag 1250.

Landskapskarakter

Landskapet er eit rett fjordløp med jamnt og bratt stigande lier til fjella på begge sider. Bakom dei ligg vidde og lågfjell med stolar og ferdsleveggar. Langs begge sider av fjorden, men sterkast på austsida, ligg eit mest samanhengande belte av gardar med ganske lik struktur og gjev landskapet samanheng. Særleg karakteristisk er beltet av frukttre på kvar side av fjorden. Strandstaden Lofthus er visuelt samlande i landskapet, og gjev variasjon og ein særleg tilleggsverdi til landskapet.

Nasjonal interesse


Fruktdyrkingslandskapet i Ytre Sørfjorden er det mest framstående landskapet av typen i landet. Det har stor utstrekning og stor visuell styrke. Det har stor tidsdjupne og kontinuitet

og bruksverdi. Klyngetunet på Aga, strandstaden Lofthus og ferdslevegane til fjellet er historieforteljande, og tilfører høge kunnskapsverdiar og verdiar knytt til arkitektur og byggeskikk og forsterkar tidsdjupna i landskapet. Landskapet har stor opplevingsverdi.

Sårbarheit, tolegrensar og forvaltning

Landskapet er sårbart for store strukturar, særleg om ein byggjer i høgda, og for områdereguleringar til industri e.l., eller større offentlege bygningar.

Deler av landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynsone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegnar og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det. Særleg gjeld dette areala der det vert dyrka frukt



OMRÅDE 9: EIDFJORD

Eidfjord og vegane opp til Hardangervidda

Eidfjord kommune

Skildring av området

Bygda Eidfjord utgjer eit fjordmøte i vegen mellom aust og vest, der landskapet blir prega av dei to terrassane Lægreid og Hæreid, delt av elva Eio som renn ut på elvesletta i sentrum av bygda. Landet heva seg då isen trekte seg tilbake, og eit eide løfta seg mellom fjorden og vatnet, difor stadnamnet Eidfjord. Elva delte eidet i to, eit høgtliggjande og eit lågtliggjande – Hæreid og Lægreid. Disse to isavsette grusterrassane ligg i relieff mot steile fjellsider som kanaliserer lendet opp mot bygda Øvre Eidfjord, og vidare inn Måbødalen og Hjølmodalen. Dei bind saman fjellområda på vestvidda med busetnaden inst i Hardanger.

Landskapstrekka i Eidfjord viser ein sjeldant tydeleg samanheng med kulturhistoria for området. Tilgang til dei rike og varierte ressursane i fjellet har vore viktige for folk på Vestlandet heilt sidan steinalderen, noko samanhengen mellom fangstbuplassar i fjellet og steinalderfunn langs den fortidige strandsona ved fjorden viser. Vidare fram i tid har buføring til fjellstølar, og handel og ferdsle over vidda, danna definerte far i landskapet. I Måbødalen og Hjølmodalen ligg gardar og tun med stor tidsdjupne langs dei gamle ferdsleårene og kløvstigane.

Talrike forhistoriske spor etter jernutvinning i fjelldalane, kan etter alt å døme knytast til ei jernalderbusetting i Eidfjord med ein sentral posisjon i Hardanger. Rike gravminne både i Øvre Eidfjord og på terrassane ved fjorden ber bod om dette, der gravfelte på Hæreidterrassen står i ei særstilling i Noreg, med hundrevis av gravrøyser frå eldre- og yngre jernalder.

Også fram i tid har Eidfjord vore ein sentral stad i indre Hardanger. Mellomalderkyrkja på Lægreidterrassen er frå tidlig 1300-tal. Turistane fann på 1800-talet vegen til den inntrykksterke Måbødalen, der Vøringsfossen var og er ein kjend attraksjon. Fossli Hotel vart reist i 1891 der fossen fell i juvet. Det er utvida fleire gonger og har høg arkitektonisk og kulturhistorisk verdi. Eit imponerande veganlegg vart bygd opp til hotellet og vegen vart etterkvart ein hovudveg mellom aust og vest.

Landskapskarakter

Eidfjord er prega av dei to terrassane på Lægreid og Hæreid. Steile fjellsider kanaliserer lendet opp mot bygda Øvre Eidfjord, inn Måbødalen og Hjølmodalen og opp på Hardangervidda. Dalføra bind saman fjellområda på vestvidda med busetnaden inst i Hardanger. Talrike forhistoriske spor etter jernutvinning i fjelldalane kan truleg knytast til jernalderbusetting i Eidfjord. Det er rike gravminne både i Øvre Eidfjord og på terrassane ved fjorden. Buføring til fjellstølar, og handel

og ferdsle over vidda, har forma markante far i landskapet. Med utsikt til den inntrykkssterke Måbødalen vart Fossli Hotel reist i 1891 der Vøringsfossen fell i juvet.

Nasjonal interesse

Det inntrykkssterke landskapet og kulturminna i det fortel, på ein framståande måte i nasjonal samanheng, om samspelet mellom busette i dalbotnen og ved fjorden og ressursar på vidda. Som knutepunkt for ferdsle mellom aust og vest har Eidfjord stor tidsdjupne. Gravfeltet på Hæreidterrassen står i ei særstilling i Norge, med ein eineståande konsentrasjon gravrøyser frå eldre og yngre jernalder.

Sårbarheit, tolegrensar og forvalting

Landskapet er sårbart for inngrep i terrassane eller høge bygningar i siktlina mot terrassane.

Deler av landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynsone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegner og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det.

